

Oppdrag: Smia på Audamotland

Utgraving og oppbygging

ODD-GEIR ROSLAND

Bygningane på Audamotlandgarden, løa og heimehuset, blei i tida 2016-2019 restaurert med hjelp av sysselsettingsmidler frå staten. Det blei då bestemt at også smia skulle gjenreisast. Me visste at det hadde vore smedar på garden og om lag kor smia hadde stått.

Denne artikkelen er ei forkorta utgåve av restaureringsrapporten som Odd-Geir Rosland har skrive til prosjektet. Han var ansvarleg for planlegging og gjenoppbygginga. Han er fotograf på alle bilder der anna ikkje er nemnt.




1

I folketellinga for Nærbø i 1900 finn me Gabriel Olsen Ødemotland. Han var 73 år og blir omtalt som forhen-
værande bonde og smed. Nå var han farbror til bonden
på garden. Han hadde truleg latt essa (ildstaden) stå
kald i nokre år. For det var ikkje mange år seinare at
Lars Tjøtta, Flint-Lars skreiv om smia på Audamota-
land. Han fortel då at dette hadde vore ei av dei største
jordsmiene på Jæren. Ei kjend smedslekt hadde reist
smia og var fortsatt eigarar. Lars Tjøtta (1864 – 1914)


teikna smia med litt skeive vindu, men heilt tak. Eit
foto av smia frå ca. 1915 viser ein bygning som står til
nedfalls. Me kan såleis rekna med at smia gjekk ut av
bruk rundt 1900.

Teikninga til Lars Tjøtta og fotografiet teke av
Asgaut Obrestad var veldig viktige i restaurerings-
arbeidet. Det er ein skilnad på teikning og fotografi.
Det er vinduene. Lars Tjøtta har teikna blyglassvindu,
4x6 glas, men når bilde merka Asgaut Obrestad er

2



SMIA PÅ MOTLAND
MÅL 1:50 (1:1) 9.12.2016
Odd-Geir Rosland



3



1. Foto av smia frå ca. 1915 teke av Asgaut Obrestad.

Foto: *Jærmuseet

2. Planteikning t.h. blei brukt som grunnlag for å søka Hå kommune og Rogaland fylke om tillatelse til å bygga opp igjen smia på gamle tuffer. T.v. er planteikning av smia på Motland. Oppmåling og teikning: Odd-Geir Rosland.

Foto: *Jærmuseet

3. 24.november 2016 er dagen for utgravinga starta. Ved denne steingarden lå smia.



1. Den første gravning i november 2016.
2. Essa sett fra aust, før fundamentet til bakveggen blei bytta.
3. Fundamentet for nordveggen på smia er restaurert.
4. Restaurering av fundamentet for austveggen er i gang.

teke, er det srossavindu med 3x4 glass.

Lars Tjøtta døde i 1914 så eg trur teikninga er frå ca 1910. Fotografiet er nok teke ca 1915.

Den gamle smia på Motland blei og brukt som mal, for den likner både når det gjeld størrelse og konstruksjon.

GRAVA UT TOMTA OG BYGGA OPP FRÅ GRUNNEN

Utgraving skjedde i samarbeid med firma Leiv Nesvik A/S. Magne Nesvik og Kenneth Undheim var med derifrå. Me starta med å grava fram steingarden. Den er også vestveggen på smia. Den store steinen ved treet kan me finne att på fotografiet til Asgaut Obrestad. Treet var rote, så det blei fjerna.

Då me fann essa, samla me all stein som kunne vera frå bakveggen på essa og pipa på ein stad for å kunne bruke dei om att. Me fann leire som viser at essa og pipa har vore mura med stein og leire som på Motland.

Me fann luftinntaket i essa og rester av ei gryte. Det var mura med murstein over luftinntak. Truleg reparasjon av stein som har vorte øydelagt av varmen.

Sjølve grua/essa var stort sett intakt. Hellene på toppen og nokre steinar i front, som mangla, blei erstatta. Det blei laga ny bakvegg i grua. Her bruka me kilt stein frå løa på Bø pga krav til bæreevne. Den var nok mura med mindre stein og heller før, som på Motland.

Etter å ha gravd fram det gamle fundamentet og essa på Audamotland, såg eg at han var meir lik smia på Motland enn eg til nå hadde trudd. Eg starta då med oppmåling på Motland.

Teikninga frå Motland, foto frå Asgaut Obrestad,

teikning av Lars Tjøtta og det framgravde fundamentet på Audamotland var tilsaman eit godt grunnlag til å laga teikning av både steinarbeid og trekonstruksjon.

På fasadeteikninga har eg teikna både blyglas og srossavindu. Etter gammel teikning og bilde, har det vore begge typer. Eg har valt å laga srossavindu som viser på fotografiet.

Når ein gong smia på Motland skal restaurerast, bør me velja blyglas. Det fordi det syner på Anders B. Wilse sitt bilde og fordi me har rette mål på vindu. Smia på Motland har og ein høgare antikvarisk verdi enn smia på Audamotland.

Museet fekk godkjenning på byggemeldinga 18. mai 2017. Mandag 28.august 2017 starta Leiv Nesvik A/S med steinarbeidet. Det fyrste var å bestemma høgder, og lø bakveggen på essa. Her brukte me kilt stein. Her var det viktig å få ein stabil vegg. Den kilte steinen fekk me av Hå kommune, då dei sommaren 2017 reiv ei løa på Bø. Då fekk me ni lass med kilt stein, men dei vart brukt bare i bakveggen på essa og deler av vestfasaden.

Stein frå den gamle smia vart fjerna for mange år sidan. Noko stein fann me då me i februar 2016 senka vegen inn til halmhuset. Denne vegen hadde blitt heva av museet i nyare tid. Men det var ikkje nok.

Meir løstein til smia henta Leiv Nesvik på sin gard på Lassaskaret. Det er mellom Kartevoll og Brusand. Det blei brukt natursingel frå Erga på Sæland i Time som fyllmasse i muren.

På grunn av mykje vatn i fundamentet, blei det på sørsida av smia gravd 1,3 m ned og eksisterande



Leiv Nesvik A/S stod for arbeidet med å lø murane. Foto frå tida 20. august til 15. september 2017.

masse erstatta med pukk og singel. Store mengder vatn rann då ut av fundamentet.

Vestveggen vart laga ny, mest for å få godt fundament for to bærande stolper

Ein stein ved dør er bevart. Den syner på Asgaut Obrestads bilde.

KORTREISTE SPERR OG LANGREISTE BJELKAR

Til sperr så trong me furu med diameter på 4 – 5 tommer. Det fann me i skogen til Lars Ødemotland, på nabogarden omlag 100 meter frå smia. Bjarne Harbo og tre til frå Byggmester Høie Ueland tok ut tømmeret før sommarferien.

Eg og Henrik Rosland barka sperra til smia.

I kjerrehuset på Audamotland var det lagra mykje skipsmaterialer som truleg har vore nytta i ei grindaløa før. Nokon, uvisst kven, har teke vare på materialane. Her fann me det me trengde til smia.

Oversyn over materialer til reisverket (sjå teikning side 99):

Bete 1: Bjelke på 10x10 tommar og 6,5 m

Bete 2: Del av rigg som har vore nytta som stolpe i ei grind. Ø 10 tommar og 4 m lang.

Bete 3: Rundstokk på Ø 6 tommar og 6,5 m Rest etter restaurering av hus.

Svill: Skipsplank 4x6 tommer.

Stillaspartner A/S bygde telt over smia i tillegg til stillas. Det gjorde det mogleg å halda tre-



konstruksjonen tørr, og gjera taket ferdig med never og torv.

Sist i september var stillas og telt montert, og arbeidet med trekonstruksjonen i gang.

Til trearbeidene fekk eg hjelp av Bjarne Harbo og Kristoffer Heng frå Byggmester Høie Ueland.


Alle koplinger mellom bete (strekkeband mellom sviller), stolpar og åsar er tappa saman. Haneband mellom åsar verkar for trykk, men er og laga med svaehale for strekk.

Modell for konstruksjonen er smia på Motland.

Til taktro brukte me mest hun, dvs. bordet som blir skore av ytterst på stokken. Nederst og øverst er det brukt flaskeskorne bord. All materiale fann me i kjerrehuset. Dei har nok lege der sidan Trond Nærland starta restaurering av huset på 1990-tallet. Materialane var av god kvalitet.



1. Henrik Rosland barker sperr til smia.
2. Skipsplank som museet har samla gjennom åra. Her fann me emne til betar og svill.
3. Reisverket med tverrgåande betar og opprettstående stolpar, bunde saman av svill, 26.9.2017.
4. Teltet over smia gjorde det greitt å arbeida utover hausten og vinteren, 3.10.2017.



Dei berande konstruksjonane i bygningen er stav, bete og svill. To lodrette stavar blir bundne saman av beten til ei grind. Dei tre grindane (bete 1, 2 og 3) blir haldne på plass av ei svill på kvar side.



Sperr er ferdig. Klart for taktro.



Taktro er ferdig.

LEGGING AV TORVTAK

30. oktober 2017 lossa me torv som Leiv Nesvik skar på garden sin (Lassaskaret) laurdag 28.10.2017 og transporterte ned til Audamotland på ei maskintralle. Det blei 18 pallar med torv frå ei gammal ugjødsla beitemark.

Neveren blei levert frå Alvdal Skurlag. Den var skoren i området rundt St. Petersburg i Russland.

Prisen var kr. 55 000,- eks. mva. for 500 kg. Me sorterte og fann mykje stor og fin never, frå 90cm x 60 cm til mindre. Me brukte ca 500 kg på 70 m².

Etter å ha snakka med Sven Hoftun på Ryfylkemuseet, og søkt ein del på nett, var me klare til å legga never. Neveren blei lagt etter eit bestemt system.

Under torvhaldkrok:

Lag 1: 3 tommer utfor taktro. Rettsida opp.

Lag 2: 4 tommer utfor taktro. Rettsida ned.

Lag 3: 5 tommer utfor taktro. Rettsida ned.

Over torvhaldkrok.

Lag 4: Under torvhald og ned i spalte på taktro.

Lag 5: Mellom lag 4 og 6.

Lag 6: Frå neste spalte på taktro og ned.

Bredde på taktro var frå 15 cm til 20 cm. Opptrekket blei då på ca 3 tommer. Overlapp sidevegs minimum 3 tommer. Det var Bjarne Harbo og Kristoffer Heng hos Høie og Ueland A/S som la det meste av never og torv.



Foto som viser korleis never blei lagt lagvis frå torvhaldkrok og oppover.



16. november 2017 er telt og stillas demontert. Tak og mur er ferdig.



Karl Johnny og Joakim Mageland murer pipa.



I mai 2018 var pipa på essa komen gjennom taket og muringa føregjekk ute.

MURING AV ESSA

I november hadde murmester Karl Johnny Mageland starta murarbeidet over essa. Han samla stein hjå Ivar Risa på Risa, Torolv Sør-Reime og Reidar Bryne i Time. Leire og sand låg klar i vestskuten på løa. Leira blei knusa i ein sementblander. Den blei så blanda med sand, litt hestetagl og litt sagspon. To delar med sand og ein med leire. Måtte tilpassast og tørrblandast godt først. Vatn måtte og passast til. Blandinga blei elta i ein tvangsblandar.

Muringa pågjekk til slutten av november. Då blei han avslutta mot taket. Så blei det stopp i arbeidet fram til april 2018. Då var temperaturen så bra at me kunne starta opp att muringa. Det blei bygd stillas og tatt hol i taket. Herfrå blei det mura med kalkmørtel. Stein blei henta frå same stad som før.



BELGEN

Ted Johnny Taraldsen fekk oppgåva med å laga belg til smia. Igjen er me heldige at me har den gamle smia på Motland. Den gamle belgen der blei brukt som mal for den nye på Audamotland.

Til veggen på belgen blei avkapp frå det nye golvet i folgestova på Audamotland brukt.

Hjelparen til Ted, ungdomskuleeleven Olav Måge, storkosar seg då han får vera med å laga belg.

Når alt trearbeidet til belgen er ferdig, så var han klar til å bli sett inn med tjæra.

Beslaget er eit gammalt kjerrebeslag som Ted har tilpassa til ny bruk.

Skinnet er frå elg. Det henta Ted på Granberg i Ølen.



To foto av belgen i smia på Motland. Den er modell for den nye belgen. Foto: Ted Johnny Taraldsen, *Jærmuseet.



1. Loket til belgen.
*Foto: Ted Johnny Taraldsen, *Jærmuseet.*
2. Olav Måge i arbeid med belgen.
*Foto: Ted Johnny Taraldsen, *Jærmuseet.*
3. Botnen i belgen.
*Foto: Ted Johnny Taraldsen, *Jærmuseet.*
4. Nå er belgen klar til å bli satt inn med tjæra. Beslaget er eit gammalt kjerrebeslag som Ted har tilpassa til ny bruk.
5. Ted Johnny Taraldsen er meister for belgen.



TRELUKA TIL INNLASTING AV SMIESTÅL

Treluka blei laga ut frå teikninga til Lars A Tjøtta, og på same måte som eit gammalt dørblad frå Motlandsmia. Det gamle dørbladet på Motland ser ut til å være øvre delen av den originale døra. Eg kopierte byggemåten til luka på Audamotland.

Døra har nok vore bygd på same vis. På Audamotland valte eg å ikkje laga ny dør, men heller tenka gjenbruk. Under restaureringa av heimahuset blei kjøkkendøra frå 1930-tallet bytta ut med ny lågare dør. Den gamla passa godt i smia.

Vindaugo blei laga nye med gamle sylinder/tafelglas. Det er glas frå 1800-talet som er handblåst til sylinder, klypt opp og flata ut. Eg fekk tak i gamle vindauge der eg kunne ta ut slike glas og gjenbruka dei til smia. Modell for vindaugo fann eg i Nærbø kyrkje. På kvar side av tårnet er det vindauge med 3 glas i bredda. Mål og sprosseprofil blei kopiert. Fargen er funnen på andre gamle dører på Audamotland.

ARBEIDBENK OG UTSTYR TIL SMIA

Arbeidsbenken blei laga av skipsplank på same vis som den på Motland.

Det er fire bein på arbeidsbenken som alle står på ei nedgravd helle. Då hella under beinet ved stolpestikka skulle gravast ned, var det allereie ein stein der. Denne blei teken opp for den nye skulle ligga skikkelig. Då viste det seg at det og var eit hol i den gamle steinen. Det har stått ei stolpestikka på same staden før.

Verktøy fann me på inntaksmagasinet, dvs. i samlingane til Jærmuseet. Ambolten (steet) frå denne smia hadde Lars Ødemotland teke vare på. Det eine hornet på denne var knekt. Ein annan blei henta frå museet sitt magasin. Ted laga nytt trau med slipestein. Det meste av essa var intakt. Her er toppen ny.

Den 19.juni 2018 fekk Ingebrigt Aarbakke låna smia for å laga eit av innslaga i jubileumsfilmen om Aarbakkens 100-årige historie. Han blei såleis den første til å bruka smia.



Det gamle dørbladet i Motland-smia.



Den nye luka.



Luka til innlasting av jern er på plass i smia.



Arbeidsbenken fyller veggen under vindaugo.



Her grov me fram den gamle hella under beinet ved stolpestikka . Det var hol i denne hella. Her stod den gamle stolpestikka! Ingen tvil om at smia nå er reist på rett plass.



Odd-Geir Rosland fortel bygningsantikvar Kirsten H. Fosstveit om arbeidet med smia.
*Foto: Ted Johnny Taraldsen, *Jærmuseet.*



Smia vil bli brukt av handverkarane til å laga dør- og vindubeslag og anna dei treng til restaureringsarbeidet. Ted Johnny Taraldsen er alt i gang.




Smiene på Motland og Audamotland

MÅLFRID GRIMSTVEDT

Smia på bruk 1 på Audamotland var ei av tre smier på denne og nabogarden Motland. Me har funne fram historie frå desse og andre smier på 1800-talet. I folketrua blei smeden tillagt sterke, beint fram underjordiske krefter, noko Lars Tjøtta også skriv om i samband med smia på Audamotland. Denne artikkelen supplerer historia til Odd-Geir Rosland om korleis smia på Audamotland blei gjenreist i 2016-2019.

Gabriel Olsen Ødemotland (1827–1910) var den siste smeden i vår smie. Han vaks opp på garden og sprang i smia til faren, smed Ole Pedersen (1792-1875). Smågutten Gabriel var ikkje åleine. Han hadde to andre brødre som også lot seg fasinera av faget. Peder (1816-1903), blei messingstøypar, medan Søren Mikal (1819-1906) blei smed. Tjøtta skriv at Ole var den første på Jæren til å laga jernbeslåtte hjulreiskapar. *Folk kom langveis fra for å se det vidunder: jernbeslåtte kjerrer og hjul med aksler av jern, en oppfinnelse som de fleste fant for kostbar for bonden, men som likevel fant en hurtig utbredelse tross at jernet i de dager var fire ganger så dyrt som nu.*¹ Han skriv vidare at på grunn av høge jernprisar så lønna det seg å samla saman gamle hesteko, spadeblad, knekte ljåar for å sveisa dei saman til nye gjenstandar eller slå dei opp til saum og spiker.



Lars Tjøtta si teikning av smia på Audamotland.
Kjelde: Hauge, 1986, side 47.


Tjøtta skriv også om brensel til smiinga. Det var først rundt 1830 at dei fekk tilgang til steinkol. Før den tid var torvkol einaste brenselet i smiene. Det var mykje

arbeid å gå i myra, spa og tørka torva, for så å laga kol av ho. Det var god tilgang på myrtorv utover Jæren, men ein skulle ha spesiell kvalitet på torva for å laga torvkol.

På 1890-talet reiste gardbrukar G.E. Stangeland frå Klepp over det meste av landet for å undersøka myrane for Norges Geologiske Oppmåling. Resultatet er publisert i tre rapportar. Myrane i Hå blir omtalt i del tre som kom i 1904. Her er det omtale av Kviamyr, austre og vestre og Ødemotlandsmyr som ligg nærast til smia vår. Og her stadfester Stangeland det Tjøtta skriv om bruk av torvkol. Her står det om Kviamyr vestre at myra blir brukt til brenntorv og omlag halvdelen er utskoren. Så skriv han *Da Brænding af Kul af Torv tidligere – for 30-40 Aar siden – var ikke ualmindelig paa Jæderen, brændtes i denne Myr en del Torvkul..... Torvkul anvendtes af Smede under Forarbeidelse af Ljaaer, Sigder og andet Bidstaal og ansees for at have Fortrin fremfor Stenkul til saadant Brug.*²

Så langt eg kan sjå er dette den einaste myra der det blir nemnt at ho blei brukt til torvkol. Stangeland sine opplysningar om bruk av torvkol fram til 1860-70 åra passar godt med Tjøtta si opplysning at tilgongen på steinkol kom nokre tiår før. Det var mykje arbeid å laga torvkolet, men det fall nok rimelegare enn innkjøp av steinkol.

Det var fleire enn smedane Ole og Gabriel på Audamotland som brukte smiebrensel. I folketellinga frå 1865 er Søren Mikal, bror til Gabriel, etablert som gardbrukar og smed på bruk 2 på Audamotland. Her blei det også bygd smie. Den er det lite spor etter i dag. Den tredje broren, Peder, var messingstøypar i 1865 og budde på bruket til faren.



Lars Tjøtta si teikning av smia på Motland.
Kjelde: Hauge, 1986, side 49.

På nabogarden, Motland, er det også ei smie. Den står på garden enno. Det er ein usedvanleg fin bygning. Det var Simon Svensen (1809– 1900), gift med Anna f. 1810 på Risa som kjøpte seg inn på Motland i 1835. I ein artikkel skriv Steinar Skorstad at Simon kom til Motland for å etablere seg som smed. Han var son av smeden Sven Garborg i Time, så han må ha hatt si opplæring i smia heime. Faren dreiv stort med produksjon av spadar. Det var trespadar med jernskoning. Han sende sonen Tønnes til Nes jernverk for å kjøpa jern og skal ha hatt mange mann i arbeid om vintrane.³

Simon kjøpte ein part av Motland og bygde seg heimhus i 1840. Det er usikkert kva tid han bygde smia, men på garden har dei teke vare på to protokollar som fortel om smedarbeidet. Den eldste er frå 1851, med namnet Simon Svensen Motland sirleg innført på første sida. Det er ei rekneskapsbok for dei neste tretti åra. Her har han ført utgifter og inntekter frå dei enkelte han har handla med. Her får me truleg bekrefte at smeden brukte torvkol. I året 1855 er det innført fem

gonger at smeden skuldar Ole Omundsen Rimestad for brenning av kol, til saman 38 ½ tønner. Det må vera torv til torvkol. Smeden leverte til Ole både torv- og åkerspade, reparerte og laga beslag og band på bøtter.

I den neste protokollen står det på tittelsida: Hoved Bog for smed Svend Simundsen Motland af Nærboe, begynt 1882. Her kan me fylja forretningane fram til etter 1905. Sven (1840 -1916) var eldste son til Simon. Sonen hans, Simon Motland (1873–1962) var også smed. Desse to yngste generasjonane blir omtalte som skosmedar. Hestane blei sette i kostallen, laga av kilte steinar. Denne står fortsatt ved smia. På Motland var det altså smedar i tre generasjonar.

I dei første åra av Sven si tid som smed laga han også ulike ting. Tobias E. Nærland var kunde. I 1884 fekk han laga seg jernverket til ein hestesele. I januar 1888 var det travelt. Han fekk lappa ei kjerre, fekk nytt høvre, to kjerrehjul fekk jernband pålagt, eit høvre fekk lagt på jern, og han fekk laga seg ei vekt. Til fråtrekk på rekninga får smeden for 3 kroner i jern.

Smia på Motland har blitt teken vare på med både verktøy og rester av det som blei laga av smedane. Kanhende er noko av grunnen til dette at smia, saman med heimhuset blei fotografert av den landskjende fotografen A. B. Wilse på oppdrag av Stavangeravdelingen av Foreningen til Norske Fortidsmindesmerkens Bevaring. Fotografia var med i boka Bygd og by i Stavanger Amt utgjeve av i 1915.⁴ Smia blei gjeven til Rogaland Folkemuseum i 1978. Hå kommune overtok smia i 1983. Sven Motland ga ein del reiskap frå smia til Hå Bygdemuseum på denne tid. Jærmuseet fekk

No 156 Tobias's Bøc til Simon Motland

		Debit	Credit
1871	Transi kont for dør Bogi No 124	2-4	
November 28	4 Jern 1 ^{to} Jernst 24 søm	1-16	
December 1	1 Jern ring og splint	3	
1872			
Februar 5	1 Bjergjaa 4 skæde bolter og splinter	1-22	
Mai 2	2 Jern Læsigte 4 1/2 7 1/2 11 1/2	2-13	
Juni 12	25 Jern søm	10	
November 9	1 Cylind og Jern 1 1/2 1 1/2 1 1/2	2	
1873			
Februar 26	1 Jern 1 ^{to} søm 1/2 1/2	6	
Marts 7	1 Jern band forføder	1-4	
		2	

Utdrag frå protokollen som smed Simon Svensen Motland har ført. Privat eige. Foto: Jærmuseet.

ansvar for tilsyn og vedlikehald ved konsolideringa i 2002. Eit av dei første åra blei belgen i smia sett istand, og ein demonstrerte smiing. I mange år var det tradisjon for folk på garden å svi saueføter i smia kvar haust. Men pipa er ikkje serleg god etter nærare 200 års bruk. Nå er all bruk av eld i smia forbode.

Lars Tjøtta fortel også om smietrollet som ein ikkje måtte fornærma om arbeidet i smia skulle bli vellukka. Smietrollet var ein fiende av kvinnfolk og dei gamle smedane ville helst ikkje ha kvinnfolk innafor dørene. Det var også mange som meinte at om ei kvinne såg på det glødande stålet som skulle herdast, så blei stålet sløvt og dårleg; jamvel heilt mislukka. Han fortel vidare at i desse gamle smiene blei det somtid utøvd kunster

som ville setta nyare smedar sitt arbeid i skuggen. Enkelte smedar kunne gjennom sverging og mystiske teikn vera i stand til å gje eit stykke arbeid, som ein kniv, eit våpen eller reiskap, overnaturlige eigenskapar. Slik kunne det beskytta bæraren eller eigaren mot sjukdom



Svivel, eitt av 234 ulike produkt og reiskap som museet har teke vare på frå Motlandsmia. Tilstanden ber preg av at dei låg i smia i 100 år før dei kom på magasin.

Foto: Håvard Tørresen, *Jærmuseet



Smia på Motland fotografert i 2015. Foto: Håvard Tørresen, *Jærmuseet

eller trolldom. Ein slikt begava reiskap som måtte bli smidd av sju oddar, brukne av bitjern i vanvare, var ein slags prøvekniv som kunne brukast til å sjekka om matvarer var innsett med trolldom. Var ein slik kniv smidd på rett måte, med besvergelsar, ville han lata etter seg ei blodig stripe når han skar gjennom befengt mat.⁵

NOTAR

¹ Hauge 1986: 18

² Stangeland 1904:91

³ Stavanger Aftenblad: 14.2.1981

⁴ Fotografia frå Motland er publiserte i <https://www.nb.no/gallerinor>.

⁵ Hauge 1986: 18

LITTERATURLISTE

Hauge, Alfred 1986: *Gamle Jæren. Andre boka om tradisjon og folkeminne etter Lars A. Tjøtta*. Universitetsforlaget.

Skorstad, Steinar 1981: *Smedane på Motland*. Stavanger Aftenblad 14.2.1981.

Stangeland, G.E 1904: *Om Torvmyrer i Norge. Norges Geologiske Undersøgelse No. 38*. Kristiania.